


KRIGSMINNE FRÅ TELEMARK FOLKEHØGSKULE

Av Ingrid Naadland



14/866 Kviteseid - Telemark Folkehøgskule

KRIGSMINNE FRÅ TELEMARK FOLKEHØGSKULE

Av Ingrid Naadland

Den 29. mars 1940 var Jakob Naadland 70 år. Olav - mannen min - var då lærar på Hundorp hjå Lise Stauri. Dit kom han i 1927. I april 1940 hadde Olav ei eventyrleg reise frå Kviteseid til Hundorp. Det var med bil, lastebilar og på lånte ski frå Dokka til Stubberud i Gausdal. So til Tretten og med tog derifrå til Hundorp. Alt var so nytt og usannsynleg etter våre tilhøve.

Seinare på sumaren var det å flyge til Telemark for å taka over skulen der. Eigenleg ville ikkje Olav taka over, og eg veit han hadde sine grunnar for det. Men det var Jakob Naadlands ynskje, og omsynet til mor og far avgjorde det. Dessutan kjende han seg knytt til Utsund, for heilt frå han var 14 år - då skulen vart flutt frå Seljord - hadde han arbeidd på garden og i hagen. Han var glad i og stolt av garden. Der var 60 mål god jord med kveite, bygg, havre, jordeple og alle slag grønnsaker til skulen. Olav var og sterkt knytt til dyri på garden.

Olav hadde, som ungar elles i den tid, inga løn, men faren kosta utdanninga hans. Det vart eitt års realskule på Voss, examen artium i Skien og eitt år på Notodden lærarskule.

Attende til 1940. Me fekk halde eit vinterkurs og eit vårkurs, men so kom hirden og seinare frontkjemparskulen. Ein mann frå Kviteseid - på «rette sida»- ordna det.

Det vart å sende avbod til elevar og freiste å finne seg i det nye. Me hadde garden og dyri og soleis mat til oss alle og til Kitty og Jakob Naadland på Ospeflåti. Eg tok fjøset sjølv, noko som i grunnen var moro, dessutan hadde me innejente og om sumaren ein gut til hjelp.

Ei ny tid vart det, men me var i den eine bygningen, og frontkjemparane i skulebygningen. Olav tok ein vinter timmerkøyring for Cappelen saman med Lars Berge som då budde på Utsundhaugane med familien sin. Renter og avgifter skulle betalast, ingen hadde fri sjukekasse, og Kitty og Jakob Naadland var etter tur på sjukehus. Dei snakka aldri om økonomi, so pengesutene er noko eg har funne omtala i etterlatne dokument etter Olavs død i 1965.

Eit brev eg har funne i papira til Olav syner kva slag vilkår me arbeidde under, det er frå sumaren 1943.

*Kirke- og Undervisningsdepartementet,
herr minister Skancke.*

For kort tid tilbake gjorde jeg hr. ministeren oppmerksom på at Sagavoll ungdomskole avverte åpning av vinterkurs for kommende vinter. I disse dager finner jeg at Telemark Folkehøgskole, ved bestyreren Jacob Naadland, (--) avverterer lignende kurs for denne skole. Er det meningen at disse skoler no skal settes igang etter å ha vært stengt i noen år? Jeg vil gjøre merksam på at disse bestyrere er innbitte motstandere av Nasjonal Samling som ved enhver anledning forsøker å undergrave vårt arbeid. Jeg kan således nevne at NSUF's landtjeneste, som no er henlagt til Telemark Folkehøgskole, blir sabotert etter beste evne av Naadland familien, mens flere NS folk i bygda, og forøvrig også endel andre, takket være en håndfast opptreden fra partiets side, nå har mottatt landtjenesten som assistanse i jordarbeidet, så hører Naadland fremdeles til dem som skyr enhver hjelp fra landtjenesten og som åpent sier at han ikke har bruk for noen hjelp fra den kant.

Disse mennesker skal altså få åpne en ungdomsskole, og vi vet da i hvilken ånd denne blir ført. Jeg må derfor henstille til hr. ministeren at dette kurs ikke blir noe av.

Heil og Sæl

O. Dalen

Slik gjekk åri til freden kom i 1945. Tidleg på våren var det stort oppstyr oppe i skulen med SS og mykje køyring om notti. Ein morgon såg innejenta vår, Gunda Bugti, frå romet sitt både Frode og Dag Torp-Hansen, og me forstod at noko var gale. Seinare ringde Astri Torp-Hansen og spurde om me kunne få smugla opp litt mat, og det vart gjort. Seinare vart dei sende til Grini.

Men so kom freden 8. mai. Brått var frontkjemparane borte, berre ei sjukesyster frå Asker var att. Ho var fortvila, kom ned til meg og lura på kva som no ville skje. Eg var inne med Olagut, sonen vår, for han hadde bronkitt. Jentungane var med guten og innejenta til «byen» for å feire dagen, og Olav, «sjaven», var på jordet og sådde gulrøter.

Eg koka kaffi for sjukesysteri og sa ho måtte taka det med ro for no var det fred. Ei frue frå bygdi kom køyrande. «Har dere ikke fått ned flagget?» spurde ho. Me hadde sant å seia ikkje tenkt på det, men - sa eg- dei tek

det sikkert ned sjølve. Noko dei gjorde for det var att folk på kjøkenet. So kom ein lærar frå bygdi og ville ha radio, noko me sjølv sagt ikkje hadde noko med.

Weidemand kom og spurde om dei fekk ha nazistane på skulen. Olav bad om dei ville finne ein annan stad, men nei. Den nye lensmannen, Olav Nordstoga, kom og administrerte det heile. Bil etter bil kom med folk frå heile Vest-Telemark, både kjende og ukjende. Ein som heitte Sandvik skulle halde orden.

Om notti måtte me ha dokter til sjukesysteri, men ho klara ikkje overgangen. Ho tok for mange tablettar, og sjølv om dei henta dr. Rishovd var det ingen ting å gjera. Rishovd vart sjølv plassera på skulen, som nazist, og var der sumaren over.

Dotter vår, Ingeborg, fødd i 1942, var 3 år og hadde sjølv sagt ikkje vit på krig og slikt. Ho vart god ven med vakti Anund Lie og med "fangan kons" som ho sa. Det var att 8 - 10, og dei var om dagen i Halteviki, og Ingeborg fylgde dei over tunet. Særleg hadde ho omsut for Rishovd. Ho gjekk opp til dei med bringebær og baud "fangan kons" bort til hjelp med å få bringebæri i hus. Ein tenkjer med glede på kva slike ungar kan gjera heilt utan å vita det når det gjeld fred mellom menneske.

Kan hende er ikkje eg den rette til å skrive dette, men eg veit at Olav aldri gløynde heimen sin i Kviteseid, og då synest eg det må gjerast.

Og at det til slutt vart Misjonssambandet som fekk tilslaget, var vel for di dei då ville taka til med realskule og linedelt ungdomsskule for kommunane i Vest-Telemark inntil dei fekk bygd ut sine egne ungdomsskular. Telemark Ungdomslag trur eg og var inne i biletet, men dei hadde vel heller ingen pengar.

Johan Staand og Kjetil Fjalestad var med og hjelpte då me selde Utsund og synte seg som trufaste vener. Ja, fleire og sjølv sagt, men eg kan ikkje nemne alle; eg vil berre sende ein takk til dykk alle!

Og til slutt takk til Vinje, for om det var vondt å reise frå Kviteseid, so vart me møtt med mykje velvilje deroppe. Me fekk tomt av Nestestog og fekk byggje Venli slik at me vart Bøgrendingar. Eg minnest med glede Margit og Asmund i gamlestoga på Høgetveit, Åsne på Haugsæl, alle på Vesaas, på Fetveit, ja takk til heile grendi, unge og eldre, og ikkje å forgløyme Songlaget.